



Sunnfjord  
kommune



# Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår 2023–2027

Vedteke i Sunnfjord kommunestyre 25.05.2022.

## 1 Føremål

Sunnfjord kommune skal legge til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

Reglementet har som føremål å sikre at folkevalde får kompensasjon for arbeidsinnsatsen og vederlag for tapt inntekt og utgifter som følgje av tillitsvervet.

## 2 Verkeområde

Reglementet gjeld for folkevalde medlemmer i kommunestyret og andre personar som er valt inn i eit folkevald organ, eller kommunalt organ etter kommunelova § 5-2.

Folkevalde har ikkje eit tilsettingsforhold i kommunen og godtgjersla blir ikkje rekna som løn. Godtgjersle og utbetaling av vederlag for tapt inntekt eller utgifter er likevel rapporterings- og skattepliktig som inntekt.

Satsane i reglementet er knytt til ordføraren si godtgjersle. Ordføraren si godtgjersle og andre satsar blir justert i samsvar med stortingsrepresentanten si godtgjersle.

## 3 Fast årleg godtgjersle

### 3.1 Ordføraren

Ordføraren si godtgjersle blir sett til 105 % av stortingsrepresentant si godtgjersle. Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet

Godtgjersle ordføraren får som følgje av funksjonar i selskap der kommunen har eigeninteresse, kjem i tillegg.

### 3.2 Varaordføraren

Varaordføraren si godtgjersle blir sett til 30–60 % av ordføraren si godtgjersle.

Sats for godtgjersle blir avklart ved konstituering. Dersom varaordføraren får 40 % eller meir av ordføraren si godtgjersle skal hen ha eit frikjøp og ei saksportefølje med arbeidsoppgåver.

Dersom varaordføraren fungerer midlertidig som ordførar, utover periodar der ordføraren har ordinær ferie eller er borte som følgje av ordførarfunksjonen, blir det ytt eit vederlag frå første dag tilsvarende ordføraren si godtgjersle.

Godtgjersle varaordføraren får som følgje av funksjonar i selskap der kommunen har eigeninteresse, kjem i tillegg.

### 3.3 Leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet

Godtgjersla til leiarane i utvalet for helse og omsorg, utvalet for oppvekst og kultur, utvalet for samfunnsutvikling og kontrollutvalet blir sett til 4 % av ordføraren si godtgjersle. Leiarane får møtegodtgjersle i tillegg, som også gjeld for ev. representasjonsoppdrag som følgje av vervet.

### 3.4 Medlemmene i formannskapet

Godtgjersla til medlemmane i formannskapet blir sett til 9 % av ordføraren si godtgjersle. Medlemmene får møtegodtgjersle i tillegg.

Ordføraren og varaordføraren får ikkje godtgjersle som formannschaftsmedlem.

### 3.5 Frikjøpsordning

I særlege høve kan folkevalde med ei særleg omfattande arbeidsbyrde, etter søknad, inngå avtale om ei frikjøpsordning.

### 3.6 Pensjon

Folkevalde som har ei frikjøpsordning blir meldt inn i kommunen si ordinære pensjonsordning for arbeidstakarar.

## 4 Møtegodtgjersle

### 4.1 Kommunale folkevalde organ

Medlemmer og møtande vararepresentantar i folkevalde organ i kommunen får godtgjersle etter ein sats per møte.

Politisk sekretariat fører oversikt over møtedeltaking, og betalar ut møtegodtgjersle i juni og i desember, i samsvar med møteprotokollane.

## 4.2 Møte i andre organ

Den folkevalde må sjølv sende krav om møtegodtgjersle for deltaking i pliktige møte som følge av vervet, der kommunen sitt politiske sekretariat ikkje er til stades. Kravet skal bli sendt inn så snart som mogleg, seinast 15. januar i påfølgande år

## 4.3 Satsar

<b>Kategori 1</b> Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"><li>• kommunestyret</li><li>• formannskapet</li></ul>	0,25 %
<b>Kategori 2</b> Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"><li>• utvalet for oppvekst og kultur</li><li>• utvalet for samfunnsutvikling</li><li>• utvalet helse og omsorg</li><li>• kontrollutvalet</li><li>• sakkunnig takstnemnd</li></ul>	0,20 %
<b>Kategori 3</b> Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"><li>• eldrerådet og RMNF</li><li>• klagenemnda</li><li>• administrasjonsutvalet</li><li>• valstyret</li><li>• arbeidsutval</li><li>• andre kommunale råd, utval, nemnder</li></ul>	0,15 %
<b>Kategori 4</b> Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"><li>• ungdomsrådet</li></ul>	0,060 %
<b>Kategori 5</b> Møte som kommunal representant i eksterne forum som samarbeidsutval, generalforsamling o.l.	0,075 %
<b>Fungerande møteleiar</b> når leiar har forfall i kategori 2	0,30 %
<b>Møteleiar</b> i kategori 3	0,25 %
<b>Leiar og sekretær</b> i kategori 4	0,090 %

## 4.4 Avgrensing

Ordførar og varaordførar får ikkje møtegodtgjersle i tillegg til fast årleg godtgjersle, jf. pkt. 2.1–2.2.

Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte eller andre møte i partia.

## 5 Erstatning for tapt inntekt og utgifter

Folkevalde i kommunen har krav på:

- a) skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet
- b) dekning av utgifter som følge av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver han/ho i samband med utføring av vervet ikkje sjølv kan utføre
- c) erstatning for tapt inntekt som følge av vervet

Folkevalde må sjølv melde inn krav så snart som mogleg, seinast 15. januar i påfølgande år.

Vederlag for dokumentert tap i lønsinntekt, gjev grunnlag for feriepengar.

### 5.1 Reiseutgifter

Skyss-, kost- og overnattingsutgifter i samband med kommunale oppdrag og pliktige møte blir erstatta med grunnlag i det kommunale reiseregulativet.

Folkevalde må registrere krav om erstatning for skyss-, kost- og overnattingsutgifter i Visma.

### 5.2 Andre dokumenterte utgifter

Folkevalde får dekka utgifter til avløysar, barnepass, omsorgsansvar eller liknande, som følgje av pliktige møte.

Det blir som hovudregel anten berre betalt ut erstatning for tapt inntekt eller for slike utgifter.

### 5.3 Dokumentert tap av inntekt

For å få dekt dokumentert tap av inntekt er det eit vilkår at arbeidsgjevar legg fram dokumentasjon som viser omfanget av tapet.

Dokumentert tap av inntekt blir dekka med inntil 0,40 % av ordføraren si godtgjersle per dag.

Sosiale kostnadar blir i tillegg dekte, når refusjon av tapt inntekt skjer direkte mellom kommunen og den folkevalde sin arbeidsgjevar.

Tapt inntekt for sjølvstendig næringsdrivande blir dokumentert med likningsattest og eigenmelding som sannsynleggjer tapet, med timesats, møtedato, kva møtet gjeld og tal på timar. Reisetid til og frå pliktige møte blir også dekkja.

#### 5.4 Ikkje-dokumentert tap av inntekt

Folkevalde som må forsømme sine ordinære gjeremål for å ivareta eit kommunalt tillitsverv (studentar, pensjonistar, heimeverande, frilansar mv.) kan få dekt tapet. Tapet gjeld også for reisetid til og frå pliktige møte.

Folkevalde må sende ei eigenerklæring som sannsynleggjer tapet, med oversikt over møtedato, kva møtet gjeld og tal på timar.

Ikkje-dokumentert tap blir dekkja med 0,15 % av ordføraren si godtgjersle delt på 7,5, per time. Inntil 0,15 % av ordføraren si godtgjersle per dag.

#### 5.5 Avgrensing

Styreverv i selskap som er eigne juridiske objekt (som IKS, AS og Stiftingar) gir ikkje grunnlag for erstatning av tapt inntekt frå Sunnfjord kommune.

Ved deltaking i generalforsamlingar i slike selskap, som eigar, kan det den folkevalde krevje erstatning av tapt inntekt.

## 6 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjer 50 % eller meir, og som ikkje held fram i vervet eller får vervet redusert, får slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

- I 1 ½ månad dersom vedkommande har eit arbeid å kome tilbake til etter avslutta teneste
- I 3 månadar dersom vedkommande ikkje har eit arbeid å gå tilbake til. Det same gjeld næringsdrivande som treng omstillingstid.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkommande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

## 7 Rett til velferdsgode

Folkevalde som har ei frikjøpsordning har same rettar som tilsette i kommunen, til sjukepengar og ytingar ved yrkesskade, jf. kommunelova §§ 8-8 og 8-9.

### 7.1 Permisjonar

Folkevalde som har ei frikjøpsordning har same rett til permisjon som tilsette i kommunen, etter arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjeringa i inntil to veker, med mindre han/ho seie den frå seg. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon eller permisjon ved sjukdom av barn eller barnepasser har folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter dei same reglane som tilsette i kommunen.



## 8 Tilrettelegging for partipolitisk verksemd

### 8.1 Tilskot til partigruppene i kommunestyret

Dei politiske partia sine kommuneorganisasjonar kan søkje om ei statleg partistøtte som består av ei fast grunnstøtte og ei røyststøtte. Sunnfjord kommune støttar partigruppene som er representert i kommunestyret med eit tilskot som svarar til 100 % av statstilskotet. Tilskotet blir betalt ut til partiet sitt lokalforeining i kommunen.

### 8.2 Gruppeleiar

Gruppeleiarane i politiske parti som har fast representant i kommunestyret får ei fast årleg godtgjersle.

Godtgjersla er basert på ordføraren si godtgjersle, og variabel utifrå tal på representantar i kommunestyret. Godtgjersla blir betalt ut etter følgande satsar:

1-3 representantar	1,5 %
4-7 representantar	2,0 %
8-11 representantar	2,5 %
12+ representantar	3,0 %

Uavhengige representantar blir ikkje rekna som gruppeleiarar.

### 8.3 Møterom

Partigruppene i kommunestyret skal ha tilgang til møterom/lokale i rådhuset til gruppemøte.

Gruppeleiarane får nøkkelbrikke med tilgang til rådhuset.

### 8.4 Utsyr

Ved starten av kommunestyreperioden får faste medlemmer i folkevalde organ eit digitalt arbeidsverktøy.

## 9 Tolking av regelverket

Tvil om tolking av regelverket blir lagt fram for formannskapet.

## Revisjon

Dato	Vedtak	Endring

## Vedlegg

Utrekning av godtgjersle for ordføreren og andre verv knytt til årleg godtgjersle for stortingsrepresentantar (1 107 190 kr), gjeld frå 1. mai 2023:

<b>Fast godtgjersle</b>	<b>Sats</b>	<b>Årleg godtgjersle</b>
Ordføreren	105 %	1 162 550 kr
Varaordføreren	- %	
Leiaren i følgjande utval: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalet for oppvekst</li> <li>• Utvalet for helse og omsorg</li> <li>• Utvalet for samfunn, kultur og næring</li> <li>• Kontrollutvalet</li> </ul>	4 %	46 502 kr
Medlemmane i formannskapet	9 %	104 630 kr
Gruppeleiarar:		
1-3 representantar i kommunestyret	1,5 %	17 438 kr
4-7 representantar i kommunestyret	2,0 %	23 251 kr
8-11 representantar i kommunestyret	2,5 %	29 064 kr
12+ representantar i kommunestyret	3,0 %	34 877 kr
<b>Møtegodtgjersle</b>	<b>Sats</b>	<b>Sum per møte</b>
<b>Kategori 1</b>		
Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunestyre</li> <li>• Formannskapet</li> </ul>	0,25 %	2 906 kr
<b>Kategori 2</b>		
Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hovudutvala</li> <li>• Kontrollutvalet</li> <li>• Sakkunnig takstnemnd</li> </ul>	0,20 %	2 325 kr
Fungerande leiar ved forfall i kategori 2	0,30 %	3 488 kr
<b>Kategori 3</b>		
Medlem og møtande varamedlem i: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eldreråd, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</li> <li>• Klagenemnd</li> <li>• Andre råd, utval, nemnder og arbeidsutval</li> </ul>	0,15 %	1 744 kr
Fungerande leiar i kategori 3.	0,25 %	2 906 kr
<b>Kategori 4</b>		
Medlem og møtande vararepresentant i ungdomsrådet	0,060 %	698 kr
Leiar og nestleiar i ungdomsrådet	0,090 %	1 046 kr
<b>Kategori 5</b>		
Møte som kommunal representant i eksterne forum som samarbeidsutval, interesseutval, generalforsamling o.l.	0,075 %	872 kr
<b>Erstatning for tapt inntekt</b>	<b>Sats</b>	<b>Sum</b>
Dokumentert tap av inntekt	0,40 %	Inntil 4650 kr per dag
Ikkje-dokumentert tap av inntekt	0,15 %	Inntil 232,50 kr pr time, 1744 kr per dag.